



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	27.11.2023
Møtetid:	09:00 - -15:20
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen på Austrheim samfunnshus

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
------	-------	-------

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Morten Sognnes	
Per Lerøy	
Ann Kristin Leirvåg	
Hege Ramsland	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør

Anne Hildegunn Færøy

kommunalsjef

Atle Vaage

Asbjørn Nagell Toft

Bjarte Rosenlund

kommunalsjef

Trine Merete Jansen

kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 97/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 98/2023	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 99/2023	Meldingar	
PS 100/2023	Delegerte saker	
PS 101/2023	Klagehandsaming igangsetjingsløyve - gbnr 157/60 - Bergsvik - Buholmen - Naust	
PS 102/2023	Orienteringssak	
PS 103/2023	Klagehandsaming pålegg om påkopling eigedom gbnr. 128/91, gbnr. 128/20,33, gbnr. 128/15 og 128/78 - Fønnes	
PS 104/2023	Mindre vesentleg reguleringsendring Detaljregulering Søre Neset, planid 2005003- Offentleg ettersyn	
PS 105/2023	Mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for hyttefelt H06 Bergsvik planid 12642006003 - Offentleg ettersyn	
PS 106/2023	Revisjon av avtale - Selsøy - Bautastein	
PS 107/2023	Informasjonsskilt og digital informasjon	
PS 108/2023	Innvendig opprusting havsportsenteret	
PS 109/2023	Tilsynsstrategi 2024	
PS 110/2023	Økonomirapport for oktober månad	
PS 111/2023	Handlings- og økonomiplan 2024-2027 og budsjett 2024	
PS 112/2023	Finansreglement - oppdatering frå 1.1.2024	
PS 113/2023	Økonomireglement - frå 2024	
PS 114/2023	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid - Nordhordland Legevakt	

- PS 115/2023 Møteplan for 2024
- PS 116/2023 Transporttilbod til og frå Aufera AS
- PS 117/2023 Endring av vilkår i bevilgning til prosjekt
Nordliheimen - ny handsaming
- PS 118/2023 Oppdatering etter valet av forskrift om folkevalde
sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune

PS 97/2023 Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 98/2023 Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

PS 99/2023 Meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Meldingane vert tekne til orientering

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til meldinga om fyrverkeri, og sa at dette vert regulert av den nye forskrifta kommunestyret har vedteke om bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Meldingane vert tekne til orientering

PS 100/2023 Delegerte saker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Delegerte saker vert tekne til orientering

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om dei delegerte sakene.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Delegerte saker vert tekne til orientering

PS 101/2023 Klagehandsaming igangsetjingsløyve - gbnr 157/60 - Bergsvik - Buholmen - Naust

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Ordførar Morten Sognnes (H) la fram nytt framlegg til vedtak, utsetting for å gje tiltakshavar høve til å delta på synfaringa.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for utsettingsframlegget.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Saka vert utsett

PS 102/2023 Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek orienteringane til vitande

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om kunsthuset/gamle kommunehuset.

- Årlege utgifter større enn leigeinntektene, har kostnader til straum (150.000 kroner) vanlege kommunale avgifter til VA/feiing, forsikring, renovasjon.
- Årleg vedlikehald er det ikkje sett av midlar til, men for eit bygg av denne storleiken er det kring 120.000 kroner i året. Bygget må totalrenoverast, årleg vedlikehald er lågare i starten om ein totalrenoverer.
- Vil kosta kring 8 millionar kroner å få bygget opp til dagens standard.
- Har fått tilbod på riving/sanering frå den entreprenøren som kommunen har rammeavtale med, Nordhordland Grunn og Betong. Vil kosta 300.000 kroner for riving av brakker, pluss 50.000 kroner til deponi og 50.000 kroner til å tetta resterande bygg
- Har hatt møte med dei som leiger huset i dag, dei er ikkje interesserte i å overta huset.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) sa partiet har eit drøftingsframlegg som omfattar kunsthuset, men kan ta det etter alle orienteringane.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om drøftingsframlegget at det er OK å venta med å riva bruktbutikken på Fonnes inntil vidare. Skal gå i dialog om ein minneleg leigeavtale fram til det ev. skal rivast. Arealet skal vera parkeringsplass for kommande omsorgsbustader.

Einingsleiar Atle Vaage orienterte om parkering rundt kommunehuset.

Avtale med Torghuset AS tinglyst i 2013;

- Kommunen disponera inntil 24 plassar, avtalen seier at desse kan nyttast av ålmenta.

- Kartvedlegg plasserer desse på hovudparkeringa framfor senteret, men i praksis kan vi truleg sei at dette per i dag er plassane lengst nord nytta av Kystbarnehagen.
- Kommunen betalar 30% av vedlikehald og straum, inkludert EL-bil-ladarane.
- Årleg kostnad om lag 200 000.

Avtale med Torghuset AS frå 2022, gyldig til 19.10.2026:

- Leige av lokalet til fysioterapi inkluderer parkeringsplassar.
- Kostnad inngår i leiga av lokalet, 44000 per månad.

Avtale med Fosnøy eigedom AS frå 2021, gyldig til mai 2031:

- 700m2 parkering for tilsette og ålmenta på området på sørsida av brannstasjonen.
- Kostnad 36 000 årleg.

Om reaksjonar frå publikum;

- P-plassane vi leiger inntil veggen på fysioterapi-lokalet var tidlegare ikkje merka.
- P-plassane langs kanten nærmast kommunehuset var allereie skilta for kommunen. Tre av butikkane hadde utan løyve sett opp sine egne skilt på dei plassane som var nærmast inngang til senteret.

Vidare arbeid

- Avklara kommunen sitt behov for tenestebilar og tilsette.
- I samarbeid med Torghuset AS gjennomføra betre skilting.
- Vurdera om det er eit kommunalt ansvar å driva ladestasjon på ved eit kjøpesenter.
- Vurdera om 2 av plassane i leigekontrakt for fysio kan merkast som HC plassar.
- Vurdera grensejustering ved el-bil ladarane.
- Vurdera kjøp eller oppseiing av arealet ein leiger ved brannstasjon.
- Strategisk bør kommunen ha eit mål om å ta over Tide sin del av brannstasjon/tomt.
- Avtalt møte med eigedomsansvarleg i Coop 4. der

Varaordførar Per Lerøy (Ap) sa at det tar seg betre ut om dei tilsette parkerer ved brannstasjonen, på eige og leigd areal der, og lar kundar og gjester bruka parkeringa ved Torghuset. Det er viktig å ha ledig parkeringsplassar også til dei som skal ta buss.

Atle Vaage sa at det skal merkast ved rådhuset til besøk hjå legekantoret. Planlegg også fleire ladestasjonar der, for tenestebilar. Om ladestasjonar ved senteret, her betalte kommunen i 2022 kroner 150.000, det dekkja straum, salting og brøyting, men mesteparten straum. Har litt inntekt på ladarane, men ingen tvil om det går i tap. Tar litt margin på straumen, men ikkje nok til å dekkja utgifter. Kanskje er det andre selskap som vil ta over?

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det er ein viktig signaleffekt at dei tilsette parkerer

lengre vekke.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om ladestasjonar ved senteret at App-styring har gjort det meir ledig og gitt inntekter, det hadde ein ikkje før i det heile.

Hege Ramsland (H) spurte om kva som ventar i Baløy for avtale om parkering der. Prosjektleiар Rolf Henning Myrmel svara at det er dialog, men går ikkje fort. Ønskjer meir parkeringsplassar enn det som er der i dag ved, kan sjå på bytte av areal for å få fleire parkeringsplassar. Det står på at grunneigarar ikkje er samde seg imellom. Båtlaget må komma med løysingar. Om ein ikkje får avtale om parkering Baløy så vil ein tilbakestilla det aktuelle arealet med å leggja på jord igjen.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det er kommunen som eig arealet. Viktig å få dette på plass.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) sa om utbygging ved Kystlandsbyen at ny kloakkpumpe­stasjon må komma i drift, det er gull verdt for kommunen for fleire bustader, må berre ha anlegget klart når desse kjem. Treng også bustader til eldre og til flyktingar. Planar om eldrebustader i privat regi i Kystlandsbyen vil frigjera kommunale bustader. Viktig at det vert henta inn etterslep på andre ting i Kystlandsbyen, veg og gatelys, slik at kommunen kan ta over desse anlegga i etterkant.

Prosjektleiар Rolf Henning Myrmel svara at det har vore møte med Markhus, fått svar om at dei skal vera med på utbygginga. Kommunen har svara utbyggjarane at denne kloakkpumpe­stasjonen vil komma på plass. Men andre rekkefølgjekrav må utbyggjarar ta med Markhus, som leikeplass, asfaltering av veg med meir. Kommunen har større behov for stasjonen no, og vil inngå ein ny avtale der kommunen har større del av kostnaden enn tidlegare sett opp.

Kari T. Utkilen orienterte om rullering av søknader om spelemidlar. Denne saka kjem som sak til kommunestyret, men var med som orientering i formannskapet.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) spurte om uteområde Kaland, bør det inn på lista? Kari Utkilen svara at alt talmateriale må vera klart før ein kan søka, og det vert vanskeleg å rekka før fristen. Etter dagens ordning er det OK å byggja først og spørja etterpå.

Einingsleiар Atle Vaage orienterte om arbeidet med vatn til Krossøy:

Krossøy

Basert på saksdokument, og samtalar med kollegaer og to representantar for oppsitjarane.

2014:	Oppsitjarane på Krossøy takka nei å vera med då kommunen bygde ut vatn i Øyane og Rongevær.
Vår 2020:	Møte på Krossøy kai. Var då snakk om 3 hyttetomter som ville ha vatn.

	Kommunen sine folk orienterte om at kommunen ikkje kunne ta over noko som ikkje var bygd etter VA norm, og at ein ikkje forskottera utfall av politisk handsaming av tilskot. Ikkje ført referat frå møtet.
05.06.2020:	Mail til postmottaket. Oppsitjarane bed då om å få <u>sleppa tilknytingsavgift</u> .
10.06.2020:	Svar frå adm. at gebyrregulativet ikkje opnar for å gje <u>fritak frå tilknytingsavgift</u> .
Haust 2020:	Oppsitjarane ved Haugland VVS får løyve til tilkopling. Anlegg ferdig januar 2021.
23.02.2021:	Formell søknad til formannskapet. Søkjer no om <u>dekning av kostnader</u> . Det er no 12 søkjarar.
23.03.2021:	Oppsitjarane hevdar dei hadde møte med ordførar og leiar teknisk. Hevdar at ordførar uttrykte glede for 12 nye tilknytingar, og uttalte at det ville bli lagt fram sak med positiv tilråding om tilskot. Ikkje ført referat frå møtet.
03.02.2022 og 17.02.2022:	Formannskap og kommunestyret seier nei til søknad. Argumentasjon i utgreiinga er anlegget ikkje er bygd i tråd med VA norm, og at det ikkje er sett av driftsmidlar til tilskot.
24.02.2022:	Skriv til postmottaket der oppsitjarane bed om utsett klagefrist.
09.03.2022:	Skriv signert dei 12 oppsitjarane. Bed om ny handsaming. Føreslår at tilskot kan koma over driftsbudsjett 2023 sidan det ikkje er sett av pengar i 2022. Kostnaden er no oppgitt til 427 973,- <u>Dette brevet vart ikkje journalført før 16.10.2023. Spørsmålet om ny handsaming er så langt vi finn ikkje besvart.</u>
27.08.2023:	Skriv adressert til <u>formannskapet</u> . Søkjer på nytt om dekning av kostnader. Viser til at VA-norma ikkje var kjent for oppsitjarane på det tidspunkt dei bygde.
14.10.2023:	Klage på avslaget adressert til <u>formannskapet</u> .

Likskap med saka Utkilneset:

Manglar skriftleg dokumentasjon/møtereferat frå kommunen.

Ulikskap med saka Utkilneset:

Dei tilsette frå administrasjonen som har vore involvert er samstemte i at kommunen var klar på at oppsitjarane ikkje kunne rekna med å få tilskot.

På Utkilneset kunne oppsitjarane hevda at kommunen medverka til val av tekniske løysingar.

Haugland VVS var tidleg inne i prosessen for oppsitjarane. Alle røyrleggarfirma er kjent med VA-norma. Det framstår såleis urimeleg å hevda at oppsitjarane ikkje var kjent med VA-norma.

Eventuelt argument for ny handsaming;

Dersom administrasjonen skal ta saka opp att, må det føreligga sakshandsamingsfeil, eller koma fram vesentlege nye opplysningar som kan ha påverka utfallet;

Skrivet datert 09.03.22 der oppsitjarane bed om ny handsaming, kan sjåast på som ein formell klage på det politiske vedtaket, sidan dei først hadde sendt eit skriv og bede om utsett klagefrist.

Dette brevet er truleg levert kommunen i papirformat, og blei ikkje journalført før over eit år seinare. Ein kan då hevda at politisk nivå ikkje formelt vart orientert om at det låg føre ein klage.

Samstundes har dette skrivet ikkje nye opplysningar i høve sjølve prosjektet. Ut frå det er det vanskeleg å sjå at politisk handsaming som klage hadde gitt annleis resultat.

Slik administrasjonen vurderer, er det då naturleg at det er politisk nivå som må ta initiativet dersom saka skal fremmast på nytt.

- Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dei på Krossøy hadde fått tydeleg beskjed om at dei ikkje fekk tilskot, og at dei difor hadde sett vekk frå VA-norma. I Austrheim har det vore slik at kommunen bygger fram til knutepunkt, og så tar oppsittarane det vidare derifrå. Det er den beskjeden dei skulle fått. Kommunen har gjeve tilskot til vasslag andre stader, synest denne saka er litt mangelfullt opplyst.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug ba om eit vedtak frå formannskapet dersom det skal lagast ny sak på dette. Meiner sjølv det ikkje skal lagast sak. Kjem eiga sak til våren om kva standard det skal vera på anlegg som kommunen skal overta.

Prosjektleiar Rolf Henning Myrmel orienterte om status for ulike prosjekt.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om ulike saker:

- Avtalefornyng av juridisk bistand til samarbeidet for petroleumskommunar. Har ein rammeavtale i dag med Lund og co, som gjeld fram til sommaren 2024. Styret i

nettverket vil i tråd med regelverket om offentlege anskaffingar senda dette ut på anbod.

- Ny vurdering av streaming av politiske møte. Er vedtak om dette frå 2021, kan få det opp ganske raskt, eller venta til ny gjennomgang av heile reglementet politisk. Kjem tilbake med sak.
- KS debatthefte at det kjem opp 2024, planlagt i samråd med ordførar.
- Endringar i momsreglementet gjer at det er avvik på skuleprosjekta, men vert ikkje endringar i kostnad.
- Skal følgja opp hending Nordlihøgda med private som har vore inne på kommunal byggeplass.
- Avtale om parkering Baløy, må avgjerast no raskt.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) la fram drøftingsframlegg.

- Hege Ramsland (H) ba om at det må kallast kultur- og ikkje kunsthushus, og må vera eit samlingshus for fleire tilbod alt frå sogelag til andre. Må sjå på kva lag/organisasjonar som kan dela, kva er behovet.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at dagens brukarar av kunsthushuset skal ha ein plass å vera, men kommunen kan ikkje dekkja dette.
- Ordførar Morten Sognnes sa om kunsthushus, og ev. leige Fonnes Senter, kan setta ned ei gruppe som kan sjå på dette.
- Per Lerøy (Ap) spurte om kommunen kan ha ledige lokale, ev. i Kanserdaalen?
- Hege Ramsland (Ap) sa om flytting av arbeidssenteret, så var ikkje NFU interessert i dette før.
Kan nye lokale for arbeidssenteret kombinerast med ein kafé som kan vera utsal for kunstnarane?
- Ann Kristin Leirvåg (Ap) sa at argumenta mot å ha arbeidssenteret på Kaland var at det var dårleg busstilbod til Kaland. Det er viktig med omsyn til brukarane.
- Ordførar Morten Sognnes spurte om rådmannen kan ta dette vidare, Bjørnar Fjellhaug svara at han skal ta saka vidare, og vidare at leige av lokale ikkje er innunder krav til offentlege anskaffingar. Kan ta dette med til Levekårsutvalet som sak. Fjellhaug spurte kva som er meint som «så raskt som mogleg», her svara Per Lerøy (Ap) at arbeidet nytt helsetun kan starta først i 2026, er trong for å leiga lokale i ein femårsperiode til nytt helsetun er på plass og ein kan sjå på samla bruk.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug fekk stadfesta av formannskapet at vedtak om sal av kunsthushuset skal følgjast opp vidare. Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ba om at dersom det ikkje vert selt må det rivast, Fjellhaug svara at han kjem tilbake med ei sak i så tilfelle.

Sandra Waage og Ståle Hauge orienterte om ROS-analysen for Nordhordland brann og redning. Dette var ei orientering om arbeidet med handlingsplan, den endelege handlingsplanen kjem i 2024.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen varsla at det kjem ei sak til kommunestyret 14. desember om auka mottak av flyktningar.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen varsla at Oppvekstplanen kjem til politisk handsaming til våren.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om at sak om lånegaranti til Sætre marka burettslag skal opp i desembermøtet i kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek orienteringane til vitande

PS 103/2023 Klagehandsaming pålegg om påkopling eigedom gbnr. 128/91, gbnr. 128/20,33, gbnr. 128/15 og 128 /78 - Fønnes

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet i Austrheim tek klagen til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.
Administrasjonen tar klagen til følgje, og vil seinare ta opp VA-tilknyting samla for alle anlegg i området.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet i Austrheim tek klagen til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

PS 104/2023 Mindre vesentleg reguleringsendring Detaljregulering Søre Neset, planid 2005003- Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune sender ei mindre vesentleg reguleringsendring av
Detaljreguleringsplan for Søre Neset, planid. 2005003 ut på høyring. Grunngevinga er gjeve
i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-14.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Skifter ut føremål frå einebustad til tomannsbustad for tomtene, dette vil ikkje endra feltet sin karakter.

Toft fekk spørsmål om namnet Søre Neset er rett, og svara at det er reguleringsplannamnet som gjeld, planen er frå 2006 og då var dette namnet brukt. Men området er på Skotneset.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune sender ei mindre vesentleg reguleringsendring av
Detaljreguleringsplan for Søre Neset, planid. 2005003 ut på høyring. Grunngevinga er gjeve
i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-14.

PS 105/2023 Mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for hyttefelt H06 Bergsvik planid 12642006003 - Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet legg forslaget til ei mindre planendring til Detaljregulering for Hyttefelt H06 Bergsvik, planid. 2006003 ut på offentlig ettersyn. Ny føresegn § 3.1 er endra som vist i saksutgreiinga. Føresegn §3.1 vert endra slik at:

- Hyttetomt G2 får maksimum mønehøgde til 32,0 moh.
- Hyttetomt G4 får maksimum mønehøgde til 30,0 moh.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova § 12-14.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet legg forslaget til ei mindre planendring til Detaljregulering for Hyttefelt H06 Bergsvik, planid. 2006003 ut på offentlig ettersyn. Ny føresegn § 3.1 er endra som vist i saksutgreiinga. Føresegn §3.1 vert endra slik at:

- Hyttetomt G2 får maksimum mønehøgde til 32,0 moh.
- Hyttetomt G4 får maksimum mønehøgde til 30,0 moh.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova § 12-14.

PS 106/2023 Revisjon av avtale - Selsøy - Bautastein

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet godkjenner at det kan inngåast revidert avtale med Mikal Krossøy om Selsøy.
2. Formannskapet godkjenner at Austrheim Kommune overtek eigedomsretten til Bautasteinen på Selsøy frå Neptun Seniorklubb.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet godkjenner at det kan inngåast revidert avtale med Mikal Krossøy om Selsøy.
2. Formannskapet godkjenner at Austrheim Kommune overtek eigedomsretten til Bautasteinen på Selsøy frå Neptun Seniorklubb.

PS 107/2023 Informasjonsskilt og digital informasjon

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Utdaterte informasjonsskilt ved kommunegrensene vert demontert og ikkje erstatta. Det vert sett opp digitale informasjons-stasjonar på Mastrevik torg og ein av butikkane ved Mongstad-krysset, innanfor ei kostnadsramme på 150 000 inkludert mva.
- 2.Tiltaket vert finansiert over investeringsbudsjettet i 2024.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Einingsleiar teknisk drift, Atle Vaage, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) ba om at ein fekk opp «Velkommen heim»-skilt, som andre kommunar har. Morten Sognnes (H), og andre, gav støtte til Velkommen heim-skilt ved dei to veginngangane til kommunen.

Hege Ramsland (H) viste til at det er sett opp digitale tavler ulike stader, men kva med å inkludera Mastrevik Torg og andre stader. Ramsland spurte om korleis ein skal jobba med å oppdatera informasjonen, anten det er skjerm eller noko anna, og spurte om ein kan bruka QR-kodar heller enn skjermar.

Einingsleiar Atle Vaage sa at administrasjonen må undersøka vidare om skjermar når ein veit kva politikarane ønskjer seg. Alt har ei levetid, men det har også fysiske skjermar, det er difor me står her i dag.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug:

Kan gjerne bruka QR-kodar, men då i kombinasjon, der det er noko som ligg fast og noko som ligg som QR-kode. Større sjanse for å treffa folk på senter/butikkar, ev. på ferja, enn langs vegen som i dag.

Skal jobba meir med Flytt til Austrheim og Opplev Austrheim, det kjem som del av arbeidet med ny heimeside på internett. Viktig arbeid framover.

Einingsleiar Vaage ba om å auka løyvinga noko med tanke på å setta opp «Velkommen heim»-skilt. Semje om å auka løyvinga med 50.000 til 200.000 kroner.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Udaterte informasjonsskilt ved kommunegrensene vert demontert og ikkje erstatta. Det vert sett opp digitale informasjons-stasjonar på Mastrevik torg og ein av butikkane ved Mongstad-krysset, innanfor ei kostnadsramme på 150 000 inkludert mva.
2. Tiltaket vert finansiert over investeringsbudsjettet i 2024.
3. Formannskapet ber kommunedirektøren om å få på plass "Velkommen Heim"-skilt ved vegtilkomstane til kommunen

PS 108/2023 Innvendig opprusting havsportsenteret

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert nytta inntil kr 500 000 inkludert mva til utbetring av lokala til havsportsenteret.
2. Kommunedirektøren finn dekning for tiltaket innanfor det ordinære driftsbudsjettet.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Einingsleiar teknisk drift, Atle Vaage, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap): Støttar at det vert gjort noko med Havsportsenteret, og det må gjerast skikkeleg når det først vert gjort noko. Fekk støtte frå Hege Ramsland (H).

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp): Spurte om det er mogleg å sjå noko på inndelinga med rom og dører. Upraktisk inndeling i dag.

Einingsleiar Atle Vaage sa om rominndeling at innandørs vedlikehald er på leigetakar, om det skal endrast på inndelinga må me sjå på dette i samråd med huseigar, det vil me ta med oss.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert nytta inntil kr 500 000 inkludert mva til utbetring av lokala til havsportsenteret.
2. Kommunedirektøren finn dekning for tiltaket innanfor det ordinære driftsbudsjettet.

PS 109/2023 Tilsynsstrategi 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1.

PS 110/2023 Økonomirapport for oktober måned

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek økonomirapporten til vitande.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek økonomirapporten til vitande.

PS 111/2023 Handlings- og økonomiplan 2024-2027 og budsjett 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2024 og handlings- og økonomiplan 2024-2027 slik det ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner driftsbudsjettet for 2024 slik det går fram av §5-4 løyvingsoversikt drift første ledd.
3. Kommunestyret godkjenner investeringsramma 2024 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering andre ledd.
4. Kommunestyret godkjenner finansiering av investeringsbudsjettet for 2024 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering første ledd.
5. Investeringsbudsjettet for 2024 sjølvkost er basert på forventa framdrift på vedteken VA-plan. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp kr 10 000 000,- i lån i 2024.
6. Det vert teke opp kr 5 720 000,- i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar i tråd med investeringsplanen.
7. Det vert teke opp lån i Husbanken til vidareformidling (startlån) på inntil kr 7 500 000,-.
8. Økonomiplan for 2024-2027 og årsbudsjett for 2024 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
9. Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2 c), vert lagt opp ut frå slike målsetjingar i kommande fireårsperiode:
 - a. Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 0,1% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 3 %.
 - b. Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) på maksimalt 85%.
 - c. Disposisjonsfondet skal vere på minimum 13% av brutto driftsinntekter.
10. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
 - a. Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
 - b. Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
 - c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
 - d. Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar og eigedom.
 - e. Fordeling av bevilging til småinvesteringar innafor ei ramme på 100 000,- kroner.
 - f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)
 - g. Overføre unytta investeringsmidlar frå 2023 til 2024.
11. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å ”fryse” budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.
12. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K[1]sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2024, jf. esktl. § 10. For eigedomsskatteåret 2024 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsregelen eigedomsskattelova

§§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal baserast på differansen mellom eigedomsskattgrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som næringsseigedom, og skal i 2024 vere lik 1/7 av differansen.

Eigedomsskatten vert skriven i to(2) terminar per år, i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

13. Det vert gjeve ei ramme på kr 993 600,- til kontrollutvalet.

14. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

- a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 3 570 000,-
- b. Austrheim Frivilligsentral kr 378 384,- (ekskl. statstilskot)
- c. Austrheim ungdomsklubb kr 239 676,-
- d. TV-aksjonen kr 30 000,-

15. Investeringsstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd vert auka med 100 000,- kroner, totalt 300 000,- kroner pr år i økonomiplanperioden.

16. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

17. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2024. Stortinget sin lønsskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2024 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

18. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.

19. Kommunestyret godkjenner at avdrag vert betalt i tråd med kommunelova §14-18.

«Gebyr- og betalingssatsar 2024» vert vedtekne slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes, og kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) la fram Ap sitt framlegg til budsjettendringar, som har vore diskutert med Høgre og INP i forkant av formannskapet.

Kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy svara om drifta på av arbeidssenteret og andre tenester. Er fleire ting som må sjåast i samanheng, kjem no også ROP-bustader som skal driftast. Noko er lovpålagt, medan noko er litt omtrentleg formulert, som at kommunen skal gje eit godt nok tilbod.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at partiet har nokre ønskje om endringar, men ein sjå korleis det går økonomisk utover året og heller ta det i samband med revidert budsjett i juni 2024.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug spurte om inndekning på punktlista frå Lerøy/Ap, Per Lerøy (Ap) svara at dette ligg inne på lista.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om kostnader til opprusting av bassenget, Bjørnar Fjellhaug svara at dette må ein sjå på til neste møte når han har alle detaljar. Per Lerøy

skaut inn at det omfattar å ta reinseanlegget opp til dagens standard, og andre ting som mellom anna taket over bassenget.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes kommenterte framlegget frå Ap, og sa at det er nokre ting som er utfordrande med lån og kostnader.

Bjørnar svara at ein kan ta innspela med vidare der kommunedirektøren skal laga ei sak og komma tilbake til politisk med dette.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg til verbalpunkt.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek:

- 1.Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2024 og handlings- og økonomiplan 2024-2027 slik det ligg føre.
- 2.Kommunestyret godkjenner driftsbudsjettet for 2024 slik det går fram av §5-4 løyvingsoversikt drift første ledd.
- 3.Kommunestyret godkjenner investeringsramma 2024 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering andre ledd.
- 4.Kommunestyret godkjenner finansiering av investeringsbudsjettet for 2024 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering første ledd.
- 5.Investeringsbudsjettet for 2024 sjølvkost er basert på forventa framdrift på vedteken VA-plan. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp kr 10 000 000,- i lån i 2024.
- 6.Det vert teke opp kr 5 720 000,- i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar i tråd med investeringsplanen.
- 7.Det vert teke opp lån i Husbanken til vidareformidling (startlån) på inntil kr 7 500 000,-.
- 8.Økonomiplan for 2024-2027 og årsbudsjett for 2024 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
- 9.Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2 c), vert lagt opp ut frå slike målsetjingar i kommande fireårsperiode:
 - a.Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 0,1% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 3 %.
 - b.Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) på maksimalt 85%.
 - c.Disposisjonsfondet skal vere på minimum 13% av brutto driftsinntekter.
- 10.Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):

- a. Budsjetreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
- b. Budsjetreguleringar innanfor sektorane sine rammer.
- c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
- d. Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar og eigedom.
- e. Fordeling av bevilging til småinvesteringar innfor ei ramme på 100 000,- kroner.
- f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans. (jf. finansreglementet)
- g. Overføre unytta investeringsmidlar frå 2023 til 2024.

11. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.
12. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K[1]sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2024, jf. esktl. § 10. For eigedomsskatteåret 2024 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsregelen eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal baserast på differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og - installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som nærings eigedom, og skal i 2024 vere lik 1/7 av differansen.

Eigedomsskatten vert skriven i to(2) terminar per år, i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

13. Det vert gjeve ei ramme på kr 993 600,- til kontrollutvalet.
14. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

- a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 3 570 000,-
- b. Austrheim Frivilligsentral kr 378 384,- (ekskl. statstilskot)
- c. Austrheim ungdomsklubb kr 239 676,-
- d. TV-aksjonen kr 30 000,-

15. Investeringsstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd vert auka med 100 000,- kroner, totalt 300 000,- kroner pr år i økonomiplanperioden.
16. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
17. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2024. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2024 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.
18. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.
19. Kommunestyret godkjenner at avdrag vert betalt i tråd med kommunelova § 14-18.

«Gebyr- og betalingssatsar 2024» vert vedtekne slik dei ligg føre.

Tillegg til vedtak:

Framlegg til verbalpunkt: (redigert i formannskapsmøtet)

Til eldrebustadane treng me 16,67 millionar kroner kvart år i dei tre åra prosjektet varar. Til saman 50 millionar kroner inkludert meirverdiavgift. Dei to prosjekta skal vera sjølvfinansierende og ikkje belasta det kommunale driftsbudsjettet. Investeringsbudsjettet må derfor aukast med 50 millionar kroner i perioden 2024 – 2026. Kommunedirektøren kjem tilbake til politisk med ei utgreidd sak om dette.

Eventuelt mindreforbruk på årets driftsbudsjett skal setjast av på disposisjonsfondet og på eit eige næringsfond som først og fremst skal rettast mot primærnæringane.

PS 112/2023 Finansreglement - oppdatering frå 1.1.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap/Austrheim kommunestyre vedtek det oppdaterte finans- og gjeldsforvaltningsreglementet.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Austrheim formannskap/Austrheim kommunestyre vedtek det oppdaterte finans- og gjeldsforvaltningsreglementet.

PS 113/2023 Økonomireglement - frå 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap/kommunestyre vedtek økonomireglement for Austrheim kommune.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap/kommunestyre vedtek økonomireglement for Austrheim kommune.

PS 114/2023 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid - Nordhordland Legevakt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) spurte om opningstid på eige legekantor opp mot legevakt, og viste til opningstider som er annonsert i bladet Kyrkjebakken. Kommunedirektør Fjellhaug svara, supplert av kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy, at dette med annonserte opningstider skal sjekkast opp i.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.

PS 115/2023 Møteplan for 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i vedlegget.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om møteplanen.

Formannskapet gjer tre endringar i møteplanen.

- Formannskapet 25. januar blir flytta til 1. februar.
- Formannskap 22. august, nytt møte i kalenderen.
- Formannskapet 6. juni blir flytta til 8. juni.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) spurte om det bør vera eit møte tidlegare enn 1. februar 2024, utan kan det bli mange saker der. Det var semje om at ein kallar inn ekstra ved behov.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt reviderte framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt reviderte framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i vedlegget, med desse endringane:

- Formannskapet 25. januar blir flytta til 1. februar.
- Formannskap 22. august, nytt møte i kalenderen.
- Formannskapet 6. juni blir flytta til 8. juni.

PS 116/2023 Transporttilbod til og frå Aufera AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren ber formannskapet drøfte og ta stilling til følgjande alternativ:

1. Austrheim kommune vil vidareføre ordninga med å tilby tilrettelagt transport for personar med varig tilrettelagt arbeid (VTA), som eit kommunalt servicetilbod etter vilkår gjeven i saksutgreiinga.
2. Austrheim kommune skal avslutte ordninga med å tilby tilrettelagt transport for personar med varig tilrettelagt arbeid (VTA) til og frå Aufera, finansiert av kommunen.

Dersom formannskapet sluttar seg til **alternativ 1**, ber kommunedirektøren formannskapet drøfte og ta stilling til fylgjande:

1. Om servicetilbodet skal vere søknadspliktig
2. Kva kriterier som skal leggjast til grunn for vurdering av søknad:
 - a. Søkjar har fått vedtak på varig tilrettelagt arbeid (VTA) frå NAV
 - b. Søkjar har inngått arbeidsavtale med Aufera AS, eller anna godkjent VTA-bedrift.
 - c. Søkjar kan ikkje nytta offentleg transport grunna;
 - i. Varig nedsett funksjonsnivå
 - ii. At offentleg transport /busstilbod medfører store ulemper og er dårleg tilpassa arbeidstida
3. Korleis tiltaket skal finansierast
 - i. Eigenbetaling for tenesta
 - ii. Budsjettjustering

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er konsekvensen av at Aufera er på Radøy, hadde det lagt på Mastrevik ville det passa betre med kollektivtransporten, også for dei frå Radøy. Lerøy presenterte Ap sitt framlegg til vedtak.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at ein ser at det kostar, men om kommunen ikkje hjelper desse så er me fattige.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug spurte om vedtaksframlegget frå Lerøy/Ap, kva er meint om «kartlegging av transportbehovet i kommunen». Lerøy svara at det gjeld det generelle behovet kommunen har for transport, anten det er ein barnehage som skal på tur, elevar som skal på svømming, eldre som skal på dagsenter, «hent meg»-ordning for eldre som skal til butikken, eller liknande.

Ordførar Morten Sognnes (H) sa at brukarane kanskje kan bidra noko til transporten, her kommenterte Hege Ramsland (H) at med 80 kroner dagen og eigenbetaling på bussen så er det ikkje mykje dei sit att med.

Hege Ramsland (H) sa at sjåføroppdraget kanskje kan delast på fleire, på pensjonistløn?

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein burde kunna utfordra Skyss på dette, men det er ikkje realistisk å få til noko på kort sikt her. I denne samanheng viste kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy til svaret frå Skyss om endringar i rutene, og at det ikkje var ressursar hjå Skyss til dette.

Hege Ramsland (H) sa at det er svara frå Nordhordland taxi at dei må ha ein fast avtale for denne kjøringa om dei skal ha den, slik at dei kan kjøpa ein ny bil basert på dette.

Kommunedirektør Fjellhaug sa at det er krav om løyve ved kjøring mot betaling, og at det må finnast inndekking i budsjettet om kommunen skal ta på seg dette. Administrasjonen kan gjera ei utgreiing av dette, men ikkje før i 2024. Det var semje i formannskapet om at det skal jobbast vidare med saka.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt redigerte framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Formannskapet sender saka tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing, basert på at Austrheim kommune vidarefører ordninga med å tilby tilrettelagt transport for personar med varig tilrettelagt arbeid (VTA), som eit kommunalt servicetilbod etter vilkår gjeve i saksutgreiinga.

Servicetilbodet skal vere søknadspliktig, ut frå kriteria

- a. Søkjar har fått vedtak på varig tilrettelagt arbeid (VTA) frå NAV
- b. Søkjar har inngått arbeidsavtale med Aufera AS, eller anna godkjent VTA-bedrift.
- c. Søkjar kan ikkje nytta offentleg transport grunna;
 - i. Varig nedsett funksjonsnivå
 - ii. At offentleg transport /busstilbod medfører store ulemper og er dårleg tilpassa arbeidstida

Tiltaket skal finansierast gjennom budsjettjustering, men gjerne i spleiselag med Skyss, og ev. med ein liten eigendel for brukarane.

PS 117/2023 Endring av vilkår i bevilgning til prosjekt Nordliheimen - ny handsaming

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at det ikkje vert skifta golv i gangar på Nordliheimen, som gjort greie for i saka.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunalsjef Bjarthe Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Rosenlund sa at om ein ikkje bytter belegg kan ein sjå på ordninga med sko til dei tilsette, vil tru at denne innsparinga kan opna for ei omfordeling av midlane. Så langt har det vore ein runde med utdeling av sko til alle tilsette, og så får dei som er tilsett i stillingar 50-100 prosent 1.000 kroner kvar årleg til sko.

Ordførar Per Lerøy (Ap) etterlyste uttale ergoterapeut og andre, men ser at det er tilsette som har sagt seg samde med i at ein ventar med nytt belegg.

Ann Kristin Leirvåg (Ap) sa at det ikkje er godt nok fundamentert at ein ikkje skal gjera dette tiltaket som kommunestyret har vedteke før med nytt golvbelegg.

Ordførar Morten Sognnes viste til at i privat næringsliv er det vanleg å dekkja sko og arbeidstøy. Må gjerne sjå på eigna sko om det kan gje mindre sjukemeldingar.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa at det i 2023 er tatt eit løft i samarbeid med tillitsvalde og verneombod kring dette, får 1.000 kroner året til arbeidssko. Har hatt ein grundig gjennomgang og lagt seg litt over det Alver kommune har for sine tilsette.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at dei med under 50 prosent stilling får halv sats til nye sko.

Til handsaminga i kommunestyret blir det lagt ved ein ekstra rapport om tilstanden for golvbelegget.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at det ikkje vert skifta golv i gangar på Nordliheimen, som gjort greie for i saka.

PS 118/2023 Oppdatering etter valet av forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta «Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune - frå 01.01.2024». Forskrifta vert lagt ut på høyring fram mot kommunestyret si handsaming, med høyringsfrist 6. desember.

Handsaming i Formannskapet - 27.11.2023:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 27.11.2023:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta «Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune - frå 01.01.2024». Forskrifta vert lagt ut på høyring fram mot kommunestyret si handsaming, med høyringsfrist 6. desember.

